



Nettredaktøren i arbeid på SPAR (Foto: NRK)

NRK-innslaget om nettredaktør Ola Matti Mathisen vart sendt på Norge Rundt i går kveld. Det var eit utvida innslag i høve til det vi fekk sjå på Vestlandsryen og som har vore sendt på P1.

i sendinga fekk vi sjå meir frå Hjørnevåg, med smaksprøve og fokus på fiskeprodukt, oppskrifter og medaljar for fiskepuddingen. Dessutan vart det lagt vekt på Kongens gull til Matti, særleg med bakgrunn i arbeidet hans med OL på Lillehammer.

Redaksjonen på Skansen har motteke mange positive tilbakmeldingar frå heile landet i går kveld og i dag, Dette gjeld frå avismiljøet, tidlegare kollegaer, medelevar og frå personlege vener. Det har også vore rekordbesøk på uskedalen.no med 2646

Uskedalen utvikling fekk straks etter sendinga på fredag meldingar frå det politiske miljøet i kommunen. Alle har merka seg det positive innslaget og den sterke profileringa Uskedalen har for tida.

Dei som ikkje fekk med seg innslaget på Norge Rundt kan bruka denne linken:
<http://www.nrk.no/nett-tv/indeks/299867/>

Av Kristian Olav Bringedal